

Årsmelding2018

Revisjon av *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* (Revisjonsprosjektet)

Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium

Universitetet i Bergen

Revisjon av *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* er eit femårig samarbeidsprosjekt mellom Universitetet i Bergen (UiB) og Språkrådet. Prosjektet inneber den første gjennomgåande innhaldsrevisjonen sidan desse to norske standardordbøkene først blei trykte i 1986.

Året 2018 er det første året av Revisjonsprosjektet sin planlagde femårsperiode. Første halvåret, frå januar og fram til sommaren, var ein leksikografisk og teknisk førebunde fase, og i same periode vart tilsetjingsprosessar for redaktørar og digital arkivar gjennomførte av Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium (LLE) og Universitetsbiblioteket (UB), med deltaking av Språkrådet. Språksamlingane (UB) prioriterte Revisjonsprosjektet sine behov og bidrog med teknisk, leksikografisk og administrativ arbeidstid. I samarbeid mellom LLE og UB vart det innreidd og utstyrt eit felles kontor med fem arbeidsplassar i Bibliotek for humaniora til oppstarten for nye redaktørar i august. Haustsemesteret starta med ei to dagars oppstartsamling for prosjektet. Deretter vart det utover hausten gjennomført eit seks dagars opplæringsprogram for medarbeidarar på prosjektet. Det vart avtala ein samarbeidsrutine der Språkrådet skal lese siste korrektur på dei reviderte ordboksbolkane. Det bolkvise redigeringsarbeidet vart starta og trappa opp utover haustsemesteret.

1. Organisering og personale

Styringsgruppe for Revisjonsprosjektet er professor Johan Myking (LLE, UiB) og Språkrådets direktør Åse Wetås. UiB utfører arbeid med finansiering frå Kulturdepartementet via Språkrådet, som er den formelle prosjekteigaren. UiB og Språkrådet har eit felles arbeidsutval (AU) for ordbøkene og ordbankane, der Revisjonsprosjektet er tema. Overordna spørsmål som gjeld organisering blir òg drøfta i den overordna styringsgruppa for Språksamlingane.

1.1 Førebuingsfase 1.1.2018–13.6.2018¹

Revisjonsprosjektet blei innleia med eit førebuingssarbeid, som eit viktig ledd i kunnskapsoverføringa mellom universitetsmiljøa og for å få tilrettelagt for oppstarten av sjølve prosjektet 1. september same år. Som instituttleiar og styringsgruppedlem sette Johan Myking arbeidet i gang.

Førebuingsnemnda omfatta desse personane:

Leksikografane Oddrun Grønvik (hovudredaktør), Bjørghild Kjelsvik, Margunn Rauset, Terje Svardal, og prosjektleiar Rune Kyrkjebø, samt seniorrådgjevar Knut E. Karlsen (Språkrådet).

Desse har vore med etter behov:

Leiar for Språksamlingane Peder Gammeltoft (UB) og overingeniør Øyvind Gjesdal (UB).

Eirik Gullaksen, Nils Øverås og Hallstein Mjelde ved IT-avdelinga (IT). Kristin Synnøve Kjos, UB, UiB har bidrege i saker som gjeld dei fysiske samlingane.

Førsteamanuensis Christian-Emil Smith Ore ved Universitetet i Oslo (UiO) har fungert som fagleg støttespelar for IT-avdelinga og Språksamlingane i arbeidet med den tekniske tilrettelegginga for prosjektet.

Føremålet med arbeidet til førebuingssnemnda var å leggje til rette for at redaksjonen som skal utføre arbeidet med revisjon av *Bokmålsordboka* (BOB) og *Nynorskordboka* (NOB), skulle få ein rask, god og fagleg solid start. Utgangspunktet var prosjektsøknaden for Revisjonsprosjektet, og rapportar frå arbeid med handordbøkene dei siste åra, særleg pilotprosjektet i 2013.

Nemnda har arbeidd med

1. prosjektramme og prosjektorganisasjon
2. IKT-behov
3. redigeringshandbok og diverse rettleiingar
4. feilretting i ordbokbasen
5. opplæringsbehov i den nye redaksjonen og fagintegrering i høve til LLE og UB
6. støttetjenester (Metaordboka, korpus, samlingskomponentar)

Førebuingsnemnda har arbeidd delt mellom Oslo og Bergen. Det har vore seks samlingar i Bergen ved UB, UiB. Desse samlingane har i hovudsak gått ut på at nemnda har sete saman og arbeidd seg gjennom løpande saker, men Bjørghild Kjelsvik og Oddrun Grønvik har også kvar gong besøkt IT-avdelinga og følgt opp det tekniske arbeidet.

Førebuingsarbeidet gav som resultat at produksjonsmål i form av bolklister og publiseringsplan kom på plass. Det vart klargjort kva oppgåver som høyrer til prosjektleiing utanfor redaksjonen. Det digitale arbeidsmiljøet vart tilrettelagt ved oppfølging av ei liste med

¹ På grunnlag av rapport om førebuingssprosjektet skriven av Oddrun Grønvik.

9 funksjonar og tilhøyrande tekniske komponentar. Språksamlingane sitt IKT-personale prioriterte å få komponentane i funksjon, i samarbeid med Grønvik, Kjelsvik og Smith Ore.

Leksikografane Engø, Urdland Karlsen og Gundersen (sjå 1.2.2. nedanfor) utførde arbeid med normering av *Metaordboka* gjennom sommaren 2018.

1.2 Driftsfase 1.8.2018-31.12.2018

1.2.1 Lokalisering

På bakgrunn av førebuingarbeidet i vårsemesteret, der røynsler frå liknande prosjekt spela inn, var det ønske om eit felles kontor for redaksjonen. Det var ønskeleg med ei lokalisering ikkje for langt frå LLE sine kontor, for å ha kortast mogeleg avstand dit. Nærleik til Språksamlingane sin stab var òg eit moment.

Det vart avtalt mellom UB og LLE at UB skulle stille til rådvelde kontoret 017 i bibliotek for humaniora, Haakon Sheteligs plass 7. Der er det fem arbeidsplassar, som no alle er tekne i bruk av Revisjonsprosjektet. Møblar vart kjøpte inn av LLE og belasta LLE sitt budsjett, ikkje Revisjonsprosjektet. Datautstyr i rommet er dels lånt ut til prosjektet av disponibelt utstyr i UB, dels kjøpt inn av LLE over Revisjonsprosjektet.

Revisjonsprosjektet har i det daglege til rådvelde UB sine møterom, lunsjrom og fasilitetar elles.

1.2.2 Personale

Hausten 2018 tilsette LLE fem personar i leksikografiske stillingar for Revisjonsprosjektet: Anne Torunn Engø (redaktør, 100 %), Margunn Rauset (hovudredaktør, 100 %), Gunn Inger Lyse Samdal (redaktør, 100 %), Bente Selback (redaktør, 50 %) og Kari-Anne Selvik (redaktør, 100 %).

Leksikograf Terje Svoldal ved UB, har i både førebuing- og driftsfasen delteke som redaktør i Revisjonsprosjektet med 50 % av si stilling, finansiert av Språksamlingane, UB. Rune Kyrkjebø har òg delteke i 50 % av si stilling heile 2018 som prosjektleiari, finansiert av Språksamlingane, UB.

Med eit mål om å nå fem heile årsverk utført leksikografisk arbeid innom ramma til Revisjonsprosjektet sitt budsjett, har fleire leksikografar i tillegg vore engasjerte i mellombelse kontraktar for Revisjonsprosjektet i 2018: Pål Kristian Eriksen (løna over Språkrådets del av budsjettet), Anne Torunn Engø (sommaren 2018), Kjetil Gundersen, Helene Urdland Karlsen, Tor Erik Jenstad og Mikkel Ekeland Paulsen. Forskar Oddrun Grønvik hadde hausten 2018 ei 50 % stilling i Revisjonsprosjektet sin driftsfase, og ho gjennomførte, i tillegg til anna leksikografisk arbeid, opplæring av redaksjonen.

August 2018 tilsette UB seniorkonsulent Paul Meurer som digital arkivar i fast stilling, med 40 % av stillinga tildelt til og finansiert av Revisjonsprosjektet. Dette utgjer til saman to månadsverk. Språksamlingane tildelte ein ekstra 20 % del av den digitale arkivarstillinga til Revisjonsprosjektet i 2018.

Antal månadsverk leksikografisk arbeid utført i 2018 er 56,25²:

Førebuingssprosjektet:	12,6 månadsverk
Fast tilsette haustsemesteret:	18,25 månadsverk
Mellombels tilsette sommar/haust:	20,0 ³ månadsverk
50 % stilling frå Språksamlingane:	5,4 månadsverk
Sum:	56,25 månadsverk⁴

Tabell 1.1. Oversikt over månadsverk leksikografi.

Det er dermed utført 5 heile årsverk pluss 2,5 månadsverk leksikografisk arbeid i 2018, noko som er over målsetjinga.

I tillegg er 50 % stilling førstebibliotekar lagt inn som prosjektleiing i prosjektet og finansiert av Språksamlingane, UB. Det utgjør 5,4 månadsverk.

Språkrådet bidreg årleg med 1 årsverk, og redaksjonen er ofte i dagleg kontakt med sekretariatet i Språkrådet, mellom anna i normeringsspørsmål. Sekretariatet fattar fortløpande operative normeringsvedtak der redaksjonen kan vere i tvil om skrive- og/eller bøyingsmåten til eit ord, og i meir prinsipielle saker førebur det saker til formell normering i fagråd 3 og Språkrådets styre. Dessutan har Språkrådet gjennomgått redaksjonsspråket i begge ordbøkene, organet er førstelinjeteneste for spørsmål til e-postadressa ordbokene@uib.no, deltek i arbeidsutvalet og i styringsgruppa for ordbøkene og ordbankane. Det er også ein styrke for prosjektet at Språkrådet les korrektur før bolkpublisering, sjå del 2.1.

2. Redigering

2.1 Etablering av rutinar

Det har vore avgjerande å utvikle ei felles forståing av kva revisjonsarbeidet inneber og einskaplege måtar å redigere ordartiklane på. Somme av redaktørane har lang og brei leksikografisk erfaring, medan andre er heilt ferske i den rolla. Det gjev rom for erfaringsutveksling frå andre leksikografiske prosjekt, i kombinasjon med nye blikk på metode og leksikografisk praksis. Mykje av opplæringa og diskusjonane tek vi fortløpande på felleskontoret. I tillegg har vi hatt 1,5 times lange redaksjonsmøte kvar veke, der Tor Erik Jenstad i Trondheim har vore med via Skype. Agenda blir sendt ut på førehand, og referat i etterkant, i tillegg til det dannar utgangspunkt for innføringar i redigeringshandboka.

² Samanrekna av prosjektleiaren. Her er brukt 1 årsverk = 1750 timar, 1 månadsverk = 162,5 timar. Då er 5 årsverk lik 53,85 månadsverk.

³ Av dette er 3 månadsverk dekt av Språkrådet sin del av budsjettet.

⁴ 50,85 månadsverk finansiert av departementstildelinga.

Redigeringshandboka vår byggjer på tilsvarande handbok for *Norsk Ordbok*. *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* blir redigerte i same plattform som NO, og dermed er noko av innhaldet i redigeringsordboka òg overførbart. Vi justerer endå på redigeringsreglane etter som vi får praktiske erfaringar med korleis ulike problem tidlegare ofte har blitt løyst ulikt i *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka*. Oftast fungerer det best å samkøyre redigeringspraksisen i dei to ordbøkene.

Kvalitetssikringsprosessane er i tråd med det som er skissert i søknadsteksten for prosjektet⁵:

Revisjonsarbeidet følger samme mal for kvalitetssikring som ble etablert i Norsk Ordbok: 1) revisjon, 2) kollegalesing, 3) første oppretting, 4) hovedredaktørlesing, 5) andre oppretting, 6) korrektur. Denne prosessen er nødvendig for at ordbokartiklene skal holde et høyt og jevnt faglig nivå. (Språkrådet og UiB 2017: 7)

På grunn av tekniske problem kunne vi ikkje skrive ut PDF-versjonar for korrekturlesing i 2018. Det medførte at vi ikkje fekk sendt stoff til korrekturlesing i Språkrådet då, så der er eit visst etterslep, sjølv om redaktørane omtrent er der vi hadde planlagt i revisjonen.

Dokumentasjon av prosjektet, arbeidsmetodar og aktivitet har vi samla på projektsida vår, som ledd i rekruttering og opplysing av ålmenta om leksikografisk verksemd:

www.uib.no/ll/revisjonsprosjektet


2.2 Framdriftsstatus

Prosjektet starta offisielt opp 1. september 2018, og 1. oktober var alle redaktørane på plass. Ved årsskiftet har vi dermed arbeidd i fire månader og vore fulltalige i tre av dei. Hovudaktiviteten blant dei fast tilsette redaktørane har vore opplæring og bol kredigering, medan vi har hatt fleire mellombels tilsette som hovudsakleg har utført ein del gjenstående ryddearbeid i basane.

Ryddeoppgåva vi prioriterte høgst, var å vaske gjennom all definisjonstekst, bruksdøme og faste uttrykk i *Nynorskordboka* for å sørgje for at all tekst, ikkje berre i artikkelhovudet, er i tråd med rettskrivinga som blei innført i 2012. Det har vore ein trugsel mot autoriteten til *Nynorskordboka* som ei sikker kjelde til norma, at dette ikkje har vore gjort før, og det er gledeleg at dette no endeleg er på stell. Andre av dei mellombels tilsette har i hovudsak arbeidd med normering av *Metaordboka*, som no inneheld både bokmål og nynorsk, sjå del 4.2.

Ser ein på dei ulike artikkelkategoriane i figuren under, ser ein at det før prosjektstart, i august 2018, er ein kategori i *Nynorskordboka* som ikkje finst i *Bokmålsordboka*: XX-artiklar (innhaldstomme artiklar som skulle omkategoriserast). Dei har blitt fjerna i *Bokmålsordboka* tidlegare, men var ein ryddejobb for to mellombels tilsette å omkategorisere 6500 XX-artiklar i *Nynorskordboka* til enten normalartiklar eller tilvisingsartiklar.

⁵ Språkrådet og UiB, 2017: «Prosjektsøknad – revisjon av Bokmålsordboka og Nynorskordboka».



Figur 2.1. Artikkeltypar i august 2018.

Før revisjon var det i *Bokmålsordboka* i overkant av 65 000 artiklar, medan *Nynorskordboka* inneheldt rundt 90 000 artiklar. Målet vårt er at begge ordbøkene skal ha rundt 100 000 oppslagsord når revisjonen er ferdig.

Om ein berre ser på dei mest relevante artikkeltypene (forleddsartikkel, etterleddsartikkel og normalartikkel) har antalet slike i *Bokmålsordboka* så langt auka frå sirka 67 500 til 68 000. Det vil seie at redaktørane har oppretta i overkant av 500 nye artiklar i *Bokmålsordboka* frå prosjektstart til midten av desember, då desse tala blei henta ut. *Nynorskordboka*-tala i tabellen under er sterkt misvisande, for den store auken i forleddsartiklar, etterleddsartiklar og normalartiklar frå 85 000 til 90 700 handlar ikkje om nyopprettingar, men omkategorisering av XX-artiklar.

	BOB aug.18	BOB des.18	NOB aug.18	NOB des.18
Forledds-, etterledds- og normalartiklar	67 474	67 989	85 393	90 727
Nytt tilfang		+ 515		+ 5334
Moglege strykkandidatar		- 315		- 406

Tabell 2.1. Tal på artiklar i *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka*, august 2018 og desember 2018.

I revisjonen er det ikkje så enkelt som at vi skal opprette 35 000 nye artiklar til i *Bokmålsordboka*, men berre 10 000 nye i *Nynorskordboka*. For at brukarane skal merke at begge ordbøkene blir reelt oppdaterte, kjem vi til å undertrykkje visinga av ein del artiklar som fram til no har stått i ordbøkene. Redaktørane har merka av rundt 300 gamle artiklar som moglegvis ikkje blir vist vidare i nettutgåva av *Bokmålsordboka*, men 400 artiklar som truleg ikkje får vere med vidare i *Nynorskordboka*. Slik bør differansen vere når det er *Bokmålsordboka* som skal utvidast mest. Trekkjer ein frå strykkandidatane, var det i desember 2018 67 674 artiklar i *Bokmålsordboka* og 90 321 artiklar i *Nynorskordboka*.

Ikkje like målbart som nyoppretta artiklar, men likevel viktigare, er alle dei eksisterande artiklane som har blitt gjennomgatte og oppdaterte. Fordi artiklane der helst er korte og det i minimal grad dukkar opp reelle målformskilnader der, starta vi på bokstaven C. Han utgjer cirka 1,5 bolk av nærare 300 bolkar vi til saman skal gjennom. I tillegg er strekket A til *aurvelte* nær gjennomarbeidd i første redigering. Det utgjer 10 bolkar. Framdriftsplanen sa at vi skulle bli ferdige med desse til årsskiftet, men det er ikkje urovekkjande at den fristen blir forskuva litt med tanke på dei andre ryddeoppgåvene som har blitt tekne unna. Vi har òg sett at framdriftsplanen ikkje tek høgde for at arbeidsmengda er «framtung». Ved for eksempel *auge* og samansetjingar med *auge* parallellredigerer vi no fortløpande også *øye* med samansetjingar. Difor medfører bokstavstrekket også arbeid i andre bolkar som skal takast seinare. Framdriftsplanen bør difor justerast noko med tanke på at framtidige bolkar blir mindre arbeidskrevjande.

3. Leksikografifagleg samarbeid

I tillegg til å revidere *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka*, er hensikta med Revisjonsprosjektet å bygge opp eit fast leksikografimiljø ved Universitetet i Bergen. Det løyser vi best ved å sørge for god opplæring og kompetanseheving av leksikografane og ved å samarbeide med andre fagmiljø.

3.1 Samarbeid med andre fagmiljø

23.–24.08.18. Oppstartseminar for Revisjonsprosjektet med alle dei nytilsette redaktørane, førebuingsnemnda, fire representantar frå Språkrådet, dei tilsette ved Språksamlingane og representantar frå instituttet. Dekanen ved HF, UB-direktøren, Språkrådets direktør og instituttleiaren ved LLE innleia samlinga.

4.10, 5.10, 22.10, 23.10, 22.11 og 23.11.18: Seks fulle opplæringsdagar med Oddrun Grønvik for ei samla redaksjonsgruppe og ein del av dei tilsette ved Språksamlingane.

05.10.18. Revisjonsprosjektet og Språksamlingane stod saman for lanseringa av *Inn i Norsk Ordbok. Brukarretteiing og dokumentasjon* av Lars S. Vikør på Universitetsbiblioteket ved UiB.

15.10.18. Lars Johnsen frå Nasjonalbiblioteket informerte redaksjonen og tilsette ved Språksamlingane om kva ressursar NB/språkbanken kan tilby prosjekt som vårt.

06.11.18: Møte med Koenraad De Smedt, Paul Meurer, Peder Gammeltoft, Gunn Inger Lyse og Margunn Rauset om Revisjonsprosjektets bruk av Clarino-ressursar. Eit resultat blei at vi etablerte eit saksbehandlingssystem for Clarino-spørsmål.

23.11.18. Oddrun Grønvik og Tor Erik Jenstad heldt innlegg på forskargruppeseminar i nordisk språkvitskap ved LLE. Tema: mønsterartiklar i ordbøkene.

Helge Dyvik ved LLE har to gonger vore innom redaksjonen og snakka om NorGramBank. Dessutan har vi jamleg e-postkontakt med han om ymse spørsmål og templat han har utvikla for oss.

17.09.18: Øystein Eek frå NAOB/Kunnskapsforlaget hadde møte med Paul Meurer og Margunn Rauset. 17.12.18 var han innom og helste på redaksjonen.

21.09.18: Hovudredaktør Margunn Rauset heldt innlegg om Revisjonsprosjektet for dei tilsette i Språkrådet. Hovudredaktøren er òg medlem av Språkrådets fagråd for normering og språkoobservasjon, som 18.12.18 behandla dei første normeringssakene som Revisjonsprosjektet hadde meldt inn.

Språksamlingane søkte i desember 2018 om å bli observatør i ELEXIS-samarbeidet, og digital arkivar Paul Meurer blir truleg den faste representanten vår i dette Horizon 2020-prosjektet om europeiske leksikografiske infrastrukturar: <https://elex.is/>

Redaktør Gunn Inger Lyse Samdal representerer UiB i Ressursfordelingskomiteen for nasjonal e-infrastruktur. Komiteen, som er oppnemnt av styret i Uninett Sigma2, har som oppgåve å fordele ressursar ved nasjonal e-infrastruktur for forskning. Komiteen er utnemnt for perioden 2019–2021, og består av personar frå UiO, NTNU, UiT, UiB og OsloMet.

HF har styrkt ordboksmiljøet med den eine av dei to stipendiatheimlane som er omtala i søknaden. 3. desember 2018 gjekk søknadsfristen ut, og Revisjonsprosjektet får tilknytt seg sin første stipendiat i første halvår av 2019.

3.2 Kompetansehevingstiltak, konferansar o.a.

23.–24.08.18. Oppstartseminaret for Revisjonsprosjektet var òg eit kompetansehevande tiltak. Alle redaktørane følgde seminaret.

17.–19.10.2018: Fraseologikurs i regi av den nasjonale forskarskulen i lingvistik og fonologi, LingPhil, på NHH. Fem redaktørar deltok på delar av eller heile kurset.

17.12.18. Redaksjonen deltok på seminar om handsaming av importord i nordiske språk i regi av Språkrådets fagråd 3 i Mediebyen i Bergen.

18.12.18. Fellesdag med seksjonen for språkrøkt og språkrådgjeving i Språkrådet om ordbøker, korpus og språkteknologi – Revisjonsprosjektet bidrog med to av fire innlegg.

4. Dataverktøy og korpus

Førebuingssfasen fokuserte mest på å få i sving dei naudsynte funksjonane i den gamle redigeringsapplikasjonen. I haustsemesteret har meir av arbeidet handla om å utvikle løysingar som kjem i tillegg til den gamle redigeringsapplikasjonen og supplerer denne. Samtidig arbeider Språksamlingane og IT-avdelinga ved UiB langsiktig om å byggje nye dataløysingar for det leksikografiske arbeidet. Revisjonsprosjektet bidreg fagleg til dette samarbeidet.

I samarbeid med den digitale arkivaren og IT-medarbeidarane på Språksamlingane har vi fått vidareutvikla dei språkteknologiske ressursane våre til å bli monaleg betre og meir effektive.

Viljen til å finne mellombelse løysingar er stor, men vi erfarer dagleg trongen for ein database som er meir i tråd med dagens standardar.

4.1 Korpus

Den viktigaste nye funksjonaliteten er at vi har fått utvikla eit fellessøk på tvers av korpusa i tabell 4.1 under. Til saman inneheld dei nærare 2,4 milliardar ord, og dette er grunnstammen i datamaterialet ordbøkene i dag baserer seg på.

Korpusnamn	Språk	Storleik (# ord)	Tidsrom	Sjanger	Lemma + ordklasse	Tilgang
Talk Of Norway	bokmål. nynorsk	63,8 mill	1999-2016	sakprosa	ja	open
Aviskorpus (bokmål)	bokmål	1509,1 mill	1998-2015	sakprosa (avis)		open
NBs frie tekster (bokmål)	bokmål	516,4 mill	1765-2013	blanda: sakprosa, skjønnlitteratur		open
Leksikografisk bokmålskorpus	bokmål	102,3 mill	1985-2013	blanda: sakprosa, skjønnlitteratur	ja	avgrensa
Aviskorpus annotert	bokmål	29,0 mill	2001-2009	sakprosa (avis)	ja	open
Forskning.no (2017)	bokmål	21,5 mill	1998-2017	sakprosa (avis)	ja	avgrensa
Nynorskkorpus	nynorsk	107,8 mill	1866-2012	blanda	ja	avgrensa
NBs frie tekster (Nynorsk)	nynorsk	46,2 mill	1850-2010	blanda		open
Aviskorpus (nynorsk)	nynorsk	16,1 mill	1998-2015	sakprosa (avis)		open

Tabell 4.1. Søkjekorpus for Revisjonsprosjektet.

For tilrettelegginga av korpusarbeidet har CLARINO-ressursane INESS og Korpuskel vore viktige nye verktøy som vart tekne i bruk ut over haustsemesteret. Dei verktøya vil vere av stor verdi for resten av prosjektet.

4.2 Metaordboka

Før sommaren 2018 var det klart at det var midlar tilgjengeleg for mindre ekstratiltak som kan lette arbeidet med revisjon av handordbøkene, og noko av dette vart sett av til normering av *Metaordboka* etter innlasting av bokmålstilfang (Sverdrup 1940 og fire ordlister for bokmål frå 1938, 1959 og 1973). Målet er å samordne rettskrivinga for bokmål og nynorsk rundt den leksikalske gjenstanden som skal beskrivast, med tidfesting av normstatus. Ved oppstart var det om lag 810 000 metaordbokartiklar, av dei var om lag 40 % normerte etter føresetnadene. Per dato er 88,5 % normert, medan totalt artikkeltal er redusert til om lag 790 000.⁶ Det er

⁶ I artikkelmengda som er normert og har samansette ord som oppslagsformer, er minst ei oppslagsform leddelt. I *Metaordboka* er det brukt flat leddeling, dvs. at ein segmenterer utan omsyn til hovudfuge dersom det er meir enn to ledd. Dette gjer at ein ikkje treng kontrollere leddeling mot underlagstilfanget.

framleis att ein del ryddearbeid i *Metaordboka* før ein kan kople henne mot Ordbanken, men svært mykje er gjort i 2018.

Arbeidet med *Metaordboka* vart presentert på Euralex 2018 Ljubljana i artikkel og innlegg av Oddrun Grønvik saman med Christian-Emil Smith Ore, sjå referansar nedanfor. Ore stod for innlegginga av bokmålsordlistene i 2017 og Sverdrup (1940) våren 2018, og har bistått i seinare oppfølging. Ein NFL-artikkel bygd på arbeidet med bokmålsordlistene i 2017 er også publisert i år (jf. litteraturlista).

Tabellen nedanfor viser status i *Metaordboka* i tilhøvet mellom målformene per dato. Som venta har talet på *Metaordbok*-artiklar gått noko ned, medan talet på artiklar som har oppslagsformer for begge målformer har auka med om lag 5000. Talet på artiklar med meir enn ei oppslagsform per målform er meir enn dobla for nynorsk og sterkt auka for bokmål.

20181214		Bokmål	Nynorsk
1	Artiklar I Metaordboka for kvar målform	351636	548534
2	Unike oppslagsord (grunnform)	366428	575832
3	unike kombinasjonar av oppslagsord og ordklasse	364989	573502
4	Artiklar med oppslagsord I ei målform	245202	442100
5	Artiklar med oppslagsord på baa målformer	106434	106434
6	Artiklar med meir enn ei oppslagsform per språk	13231	25140

Tabell 4.2. Status for *Metaordboka*.

5. Økonomioversikt

Prosjektet sin økonomi består ut over tildelinga frå departementet av eigenbidrag som UiB og Språkrådet har lagt inn. For UiB sin del er den største bidragsytaren utanom departementstildelinga Språksamlingane. Språksamlingane sitt budsjett er administrert av UB, under strategisk leiing av Styringsgruppa for språksamlingane.

Rekneskapstal frå HF-fakultetet, UiB, viser pr. 31.12.2018 ein bruk på 3,395,688,- av den tildelte summen på 5,2 millionar (tabell 5.1).

Budsjett og regnskap
For å se bilagsdetaljer, klikk på ønsket nivå (prosjekt, toppaktivitet, underaktivitet osv.) eller regnskapstall i tabellen under, og velg "Gå til bilagsdetaljer".

Prosjekt nr...	Toppaktivit..	Utgiftskategori (b/r)	Regnskapstall
812970 Revi	1SRåd	5 Arbeid Utført	2,775,197
sjonsprosjek		6, 7 og 8 Driftskostn..	147,019
tet		9 Interne Transaksj..	473,472
		Sum	3,395,688
Sum totalt			3,395,688

Tabell 5.1. Oppsummerte rekneskapstal frå HF-fakultetet, UiB.

Av departementsløyvinga på 5,2 millionar er 1,8 million ubrukt og vert av HF-fakultetet overført til budsjettet for prosjektet for 2019.

Språksamlingane (UB) sitt bidrag for 2018 kan oppsummerast slik, med summar henta frå budsjett dokumenta til Språksamlingane:

50 % av eit årsverk leksikograf	400,000,-
50 % av eit årsverk prosjektleiar	400,000,-
100 % av eit årsverk IT-medarbeidar	800,000,- ⁷
10 % ekstra av eit årsverk digital arkivar H-201	80,000,- ⁸
Sum:	1,680,000,-

Tabell 5.2. Språksamlingane, UB, sitt bidrag for 2018.

Med desse utgiftene er UiB sin samla bruk for 2018 på 3,40 +1,68 millionar, som er 5,08 millionar kroner.

6. Publikasjonar og annan fagleg aktivitet

6.1 Nyheitsoppslag

Særleg frå og med oppstartseminaret i august 2018 har det vore ei gledeleg stor medieinteresse for prosjektet.

23.08.2018. Espen Hatlestad i radioprogrammet *Morgen med NRK Hordaland*: [Ordlisten skal vaskes](#)

24.08.2018. Hilde Kristin Strand i avisa *På Høyden*: [Startar revisjon av ordbøkene etter 30 års pause](#)

24.08.2018. Janne-Beate Buanes Duke på nettsidene til Det humanistiske fakultet, Universitetet i Bergen: [Hvilke ord skal ut og hva kommer inn?](#)

29.08.2018. Beate Haugtrø i avisa *Framtida.no*: [Skal fornye ordbøkene: No kan gutane også vere gutegalne](#)

30.09.2018. Hege Holm i radioprogrammet *Holm* på P1+: [Ny rettskrivning av ordboken og Nye ord inn i ordboka](#)

⁷ Estimat av tidsbruk for å klargjere dataverktøy for prosjektet.

⁸ Ein tredje arbeidsdag pr. veke av den digitale arkivaren, finansiert av Språksamlingane.

01.09.2018. Kjetil H. Dale og Mariel Mellingen i TV2 Nyheitskanalen. Intervju av hovudredaktør Margunn Rauset <https://vimeo.com/298977866>

08.10.2018. Hilde Kristin Strand i avisa *På Høyden*. [Feira ordbok-millionar med kakelunsj](#)

08.10.2018. Håvard Østrem Peersen på nettsidene til Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium, Universitetet i Bergen: [Statsbudsjettet: 8 millionar kroner til UiBs ordboksarbeid](#)

12.12.2018. Maria Gunnarsdotter Svedal, Ingrid Årdal og Ole Raade i podkasten *Ordskifte* ved Studentradioen i Bergen: [Ordskifte - Ordbøker og årets ord](#)

6.2 Publikasjonar

Kyrkjebø, Rune og Oddrun Grønvik (2018): Språksamlingane og leksikografisk arbeid ved Universitetet i Bergen. I: Ásta Svavarsdóttir, Halldóra Jónsdóttir, Helga Hilmisdóttir og Þórdís Úlfarsdóttir (red.), *Nordiske Studier i Leksikografi 14, Rapport fra 14. Konference om Leksikografi i Norden Reykjavík 30. maj -2. juni 2017*, s. 80–86. Nordisk Forening for Leksikografi. ISBN 978-9979-654-48-3.

Ore, Christian-Emil Smith og Oddrun Grønvik (2018). [Comparing Orthographies in Space and Time through Lexicographic Resources](#), I Jaka Čibej, Vojko Gorjanc, Iztok Kosem og Simon Krek (red.), *Proceedings of the XVIII EURALEX International Congress: Lexicography in Global Contexts*, s. 159–172. Znanstvena založba Filozofske fakultete. ISBN 978-961-06-0097-8.

Ore, Christian-Emil Smith og Oddrun Grønvik (2018). [Bokmål og nynorsk samindeksert - Metaordboka som verktøy for jamføring og utforsking av ordtilfang](#), I: Ásta Svavarsdóttir; Halldóra Jónsdóttir; Helga Hilmisdóttir og Þórdís Úlfarsdóttir (red.), *Nordiske Studier i Leksikografi 14, Rapport fra 14. Konference om Leksikografi i Norden Reykjavík 30. maj -2. juni 2017*, s. 87–95. Nordisk Forening for Leksikografi. ISBN 978-9979-654-48-3

Grønvik, Oddrun (2018): Naturvitskapleg ordtilfang – på veg frå særsmål til allmennspråk. I: *LexicoNordica. Fackspråk i nordiska ordböcker*. Vol. 25, s. 55–76. Nordiska föreningen för lexikografi. ISSN: 0805-2735

Bergen, 23. januar 2019

Margunn Rauset
Hovudredaktør

Rune Kyrkjebø
Prosjektleder